



Statsforvaltaren I Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2086 - 23/76565

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
03.10.2023

Oversender søknad om oppfylling av terreng i nedslagsfeltet til Mjåtveitelva til uttale - gbnr 322/71 Mjåtveit

Tiltak: terrenginngrep
Byggjestad: Gbnr: 322/71
Tiltakshavar: Kjetil Tufte

Tiltakshavar Kjetil Tufte søker om å heva terrenget på delar av eigedom med gbnr 322/71. Terrenget skal hevast med inntil 1,5 meter på eit areal på om lag 200 m² ved bruk av jordmassar frå anleggsarbeidet i Sveåsen som ligg like i nærleiken.

Eigedomen ligg innanfor nedslagsfeltet til Mjåtveitelva der det er førekomst av elvemusling. Tiltakshavar skriv at tiltaket er lite og ikkje vil gje noko avrenning av betydning til vassdraget, eventuell avrenning vil verta filtrert gjennom myra, sjå elles følgjebrev som er vedlagt.

Planstatus

Tiltaket skal plasserast innanfor det som i reguleringsplanen for Mjåtveitmarka med planid. 125620060002, er avsett til byggeområde for bustadar, B1 a-fs. Det går fram av kommunedelplanen for Meland, planid. 1256-20190001, at reguleringsplanen er vidareført, men med supplerings/ending som bestemt i føresegn 4.7.1. Det er vurdert at tiltaket er i tråd med reguleringsplanen.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om tiltak utan ansvarsrett - heving av terrenget - gbnr 322/71 Mjåtveit

Følgelbrev

Situasjonskart

Terreng

Kopi til:

Kjetil Tufte

Roslandsvegen 336

5918

FREKHAUG

Mottakarar:

Statsforvaltaren I Vestland

Njøsavegen 2

6863

Leikanger